



Hordaland og Sogn & Fjordane

Dato
Sakshandsamar
Dokumentnamn

19.12.18
rådgjevar
Kunngjering årsmøta
side ein og to

Til kulturskuleeigarar i Hordaland og Sogn & Fjordane ved ordførar, byrådsleiar, byråd, rådmann, kommunaldirektør, einingsleiarar innan oppvekst/skule, kultur og brukarutval, kulturskuletilsette, KS-Hordaland og Sogn & Fjordane, Fylkeskommunane i Hordaland og Sogn & Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland og Sogn & Fjordane, samarbeidande organisasjonar og institusjonar.

KUNNGJERING AV ÅRSMØTA I NORSK KULTURSKOLERÅD - HORDALAND, NORSK KULTURSKULERÅD - SOGN OG FJORDANE OG NORSK KULTURSKOLERÅD - VESTLAND 21. MARS 2019

Vi syner til Norsk kulturskoleråd sine vedtekter § 6 og gjer med dette kjent tid og stad for årsmøta:
Fylkesstyra har vedteke å halde årsmøta i Bergen, Grand Hotel Terminus torsdag 21. mars kl.13.30 – 17.30.

BAKGRUNN FOR KUNNGJERING AV TO ÅRSMØTE SAME DAG

Nasjonal endring i fylkes-/regionsstruktur får konsekvens for inndelinga av fylkes-/regionsavdelingane i Norsk kulturskoleråd:

a. 2017 årsmøtevedtak i fylke/regionar

Vedtak i årsmøta 2017: fylke/regionar slutta å eksistere som sjølvstendige eininger med organisasjonsnummer. Vi er no **ein** organisasjon med avdelingar i fylke/regionar.

b. 2017 Sentralstyret

Einstemmeg vedteke sentralstyresak 2017-42: "Styret ber om at regioninndelingen i Norsk kulturskoleråd er i tråd med regioninndelingen i kommune- og regionreformen. Viken og Oslo utgjør én region i vår organisering. Alle ti regioner etablerer egne styrer."

c. Sentralstyret sitt mandat gjeve av Landstinget

Sentralstyret kan gjere vedtak om **intern organisering**: §3.3.: "Sentralstyret er Norsk kulturskoleråds utøvende myndighet mellom landstingene."

d. 2019 årsmøte i fylke/regionar

Jf. sentralstyredetak om å fylge nasjonalt føreslegne nye inndelingar i fylke/regionar, det er behov for ei justering av regionsstrukturen i Norsk kulturskoleråd. Nye inndelingar:

Innlandet (Oppland/Hedmark), TV (Telemark/Vestfold), FT (Finnmark/Troms med Svalbard), Vestland (Hordaland/Sogn & Fjordane), Trøndelag (Nord-Trøndelag/Sør-Trøndelag), Agder, Rogaland, Møre & Romsdal, Nordland.

Einaste avvik frå nasjonal plan:

Oslo kommune vert i Norsk kulturskoleråd ein del av Viken (Oslo, Akershus, Østfold, Buskerud).

ÅRSMØTA TORSDAY 21. MARS

Vi ber politisk og kommunal leiing i kommunane om å bruke retten sin til å delta på årsmøtet, i kraft av å vere kulturskuleeigar. Kvar kommune kan stille med fire delegatar med skriftleg fullmakt frå kommunaleiinga.

Minst ein av dei fire delegatane skal vere tilsett i kulturskulen. Målsetjinga er brei representasjon frå alle kommunar, og at alle nytta høvet og deltek med fire delegatar frå sin kommune.

Saker som kommunane ynskjer å ta opp på årsmøta, skal være fylkesstyret i hende seinast åtte veker før årsmøta. Innkalling med påmelding vert send ut seinast to månadar før årsmøta.

Sakspapira vert sende digitalt seinast 14 dagar før årsmøta. Delegatane er sjølve ansvarlege for å ha med sakspapira digitalt eller i papirform.

ÅRSMØTEKONFERANSE TORSDAG 21. – FREDAG 22. MARS

Politikarar, kommuneleiring, tilsette i samarbeidande einingar i kommunen og andre organisasjonar/institusjonar, foreldrearbeidsutval, elevråd, driftsstyre og råd for kulturskulane, presse og kulturskuletilsette er inviterte til konferansen, som startar i etterkant av årsmøtet. Tidsrommet for årsmøtekonferansen med festmiddag vert: torsdag 21. mars kl.17.30 til fredag 22. mars kl.13.30 med etterhald om mindre endringar. Konferansen følg tematisk opp kommunale- og fylkeskommunale endringar og nasjonal verksemndsplan med tiltak for utviklingsarbeid. Torsdag kveld vert det festmiddag. Elevar frå kulturskuler i fylka bidreg med kunstnariske innslag.

LANDSTINGET I NORSK KULTURSKOLERÅD OKTOBER 2020

Landstinget i Norsk kulturskoleråd vert arrangert torsdag 22. og fredag 23. oktober 2020 i Stjørdal.

Forslag til vedtektsendring vert eit tema, i tillegg til oppfølging av vedtak frå Landstinget 2016 og Landsstyremøta. Dei som ynsker er velkomne som observatørar.

Meir informasjon kjem i 2020 på nettsida til Norsk kulturskoleråd, www.kulturskoleradet.no.

OVERNATTING OG PÅMELDING TIL ÅRSMØTE OG KONFERANSE TO.21. TIL FR. 22. mars 2019

Overnatting bestillast direkte av deltakarane til Grand Hotel Terminus, som grunna restaurering nytter to hotel: Terminus og nye hotel Zander K rett ved. Reservasjonsnr. Norsk kulturskoleråd, Terminus nr.4193708 kr.900.- inkl. frokost. Zander K nr.4213711 kr.850.- inkl. frokost. **Frist for bestilling av overnatting: fredag 15. februar.**

Innkalling og påmelding til årsmøtet og konferansen kjem i eigen mail i januar.

Atterhald om mindre justeringar i prisane, som fylgje av endra skattar, avgifter eller forhold utanfor hotellet og/eller fylkesavdelinga sin kontroll.

Kopi: Fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd – Hordaland og Sogn & Fjordane og Norsk kulturskoleråd v/sentralstyret og tilsette.

*Med venleg helsing for fylkesstyra i Norsk kulturskoleråd - Hordaland og
Norsk kulturskoleråd - Sogn & Fjordane,*

Anne Lene Østvold Jordåen (s) og Grete Berntzen (s)
styreleiarar Norsk kulturskoleråd - Hordaland og Sogn & Fjordane


Kristin Geiring
rådgjevar Norsk kulturskoleråd - Hordaland og Sogn & Fjordane